

# **BUDSJETT / ØKONOMIPLAN**

**2021 - 2024**



## **TRYGG ØKONOMI I KREVANDE TIDER**

Magne Djuvik

uavhengig

medlem Partiet De Kristne.

## **Innleiing**

Bjørnafjorden Kommune står framfor økonomiske utfordringer. I slike tider er det viktig å prioritera den kommunale innsatsen slik at menneske som er avhengig av det off si hjelp faktisk får den hjelpa dei treng. Vidare at hjelpa er av god kvalitet.

For å koma i ein økonomisk situasjon der kommunen har ein sunn økonomi er det viktig at dei økonoiske rammene som ligg i Kommunedirektøren sitt framlegg vert følgde. **Det å bruka pengar ein ikkje har vil berre gjera vondt verre.** Samtidig må dei politiske prioriteringane vera slik at kommunen vår vert ein god bukommune og ein god kommune å driva næring i.

## **Inntekter**

I dette framlegget er Kommunedirektøreren sine innteksanslag lagt til grunn. Å innføra eigedomskatt er ikkje aktuell politikk.

## **Endringer driftsbudsjett**

- 1) Stillinga som HR sjef vert ikkje lyst ut. Innsparing kr 500.000,- på stab.
- 2) 20445 mill er koronna kompensasjon frå staten. Av desse er det brukt ca 7 mill. Resten, kr 13.445.000 vert sett på fond. Eit fond som skal nyttast til å dekkja koronna kostnader i åra som kjem.
- 3) Kyrkjeleg Fellesråd har fått ekstra it utgifter / kontigenter mm på 450.000,- I tillegg lønns og prisvekst på kr 420.000,- Tilsaman kr 870.000,- Det er rimelig at Kyrkjeleg Fellesråd får kompensert lønns og prisvekst slik andre har fått. Fellesrådet vert derfor tilført kr 420.000,-

- 4) Bjørnafjorden Kommune betaler transport for skulebårna til julegudstjenesta.  
Kr 100.000,-
- 5) Stillinga hjå ASVO Os as vert oppretthalde. Kr 500.000,-
- 6) Stillingane i krefteam, kolsteam og diabetesteam vert vidareført. Kostnad  
4.425.000,-
- 7) Tenesteutvalet vert lagt ned. Oppgåvene overført til Formannskapet
- 8) Politikarane seier frå seg godtjersle Ordførar og varaordførar beheld  
godtjersla. Innsparing punkt 7 og 8, kr 2.200.000,-
- 9) Videreføra støtta til Radio Os, kr 75000,- pr år i økonomipålan perioden.
- 10) For å koma i mål med Bjørnafjorden22 er det heilt nødvendig å ta ut den  
effektiviseringsgevinst ein rekna med som følge av Kommunesamanslåinga.  
For budsjettåret 2021 er noko av denne effekten teke ut hjå NAV som får  
redusert sitt lønnsbudsjett med kr 400.000,- og Stab som har fått ein  
reduksjon på 500.000 i sitt lønnsbudsjett, jfr pkt 1. Kommunestyret forventa  
at Kommunedirektøren synleggjer vidare nedtrekk i 2022 og 2023 budsjetta.
- 11) Prosjektet Vassprosjekt er redusert med 30 mill i 2021. Prosjekt Avløp er  
redusert med 20 mill i 2021. Tilsaman ein reduksjon av gjeld i 2021 på kr  
50mill. Redusert kapitalkostnad er beregna til 3 mill.

I forhold til Kommunedirektøren sitt framlegg er utgiftene redusert med 430.000 i 2021. I tillegg er det sett av 13,4 mill til fond.

### **Innvesteringsbudsjett**

- 1) Innvesteringa på Nore Neset Gravplass vert gjennomført under ett. Tillegg på 21 mill i 2023. Samla innvestering vert då 55 mill.
- 2) Prosjekt Vassprosjekt er redusert med 30 mill i 2021. Prosjekt Avløp er redusert med 20 mill i 2021.

Samla innvestering i 2021 er redusert med 50 mill.

### **Avgiftsbudsjett**

Ein føreslår ingen endring i Kommunedirektøren sitt framlegg til avgifter.

### **Verbale framlegg.**

- 1) **Arbeid og aktivitet.** Det at folk er i arbeid er det beste tiltaket ein har for å førebyggja fattigdom / barnefattigdom. Det er derfor viktig at dei som treng hjelp for å finna ein jobb, får den hjelpa. Kommunedirektøren vert beden om å laga sak på:
  - a) eit system med måltal på kor mange som kjem i ordinært arbeid, kor mange som er i statlege tiltak og kvalifiseringsprogrammet. Rapportering på måloppnåing er ein del av tertialrapportering til politisk nivå.
  - b) Eit system med sosialhjelp som lønnstilskott. Det vil sei at istadenfor å betala sosialhjelp til passivitet så vert dei samme pengane brukt som lønnstilskott for at dei det gjeld skal få jobb.

c) Eit system der mottakere av øk sosialhjelp skal påleggast aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta skal som hovedregel vera 37,5 time pr veke, 5 dagar for veka

d) Etablere eit samarbeidsprosjekt mellom NAV, Flyktningetenesta og Barnevernet. Gjennom tett oppfølging er formålet å sikra at menneske med arbeidsevne får ordinært arbeid. På den måten vil familien sin økonomi verta bedre. Evna til å ta vare på barn og til å bli ein del av samfunnet vert betydeleg forbedra.

2) **Landbruk.** Kommunestyret ber Kommunedirektøren om kvart år å ta inn i årsmeldinga ein oversikt over kor mykje dyrka jord som er omdisponert i Kommunen siste år.

3) **Satsa på bygdene i søre del av kommunen.** Bygdene i Søre del av Bjørnafjorden Kommune slit med negativ folketalsutvikling. Ein ber Kommunedirektøren koma med sak om kva Kommunen kan gjera for å snu utviklinga i desse bygdene.

4) **Kommunale bustader.** Kommunen leiger ut husvære til menneske som av ulike årsaker ikkje har eigen bustad. Det er viktig at Kommunestyret er kjend med standaren på desse leilighetene. Ein ber derfor Kommunedirektøren laga ein rapport på standaren. Vidare at Kommunedirektøren lagar ein plan for nødvendig oppgradering der det er nødvendig.

5) **Heimetenestene.** Base for heimetenestene vert i 2021 flytta til Lyssand fabrikk. Målet er å bygga eit nytt bygg for desse tenestene i tilknytning til Luranetunet.

- 6) **Bokbåten.** Det vert arbeida med å få til vidare drift av kulturbåten Epos. Dersom det vert realisert får Kommunedirektøren fullmakt til å gå inn med kr 150.000,- i prosjektet.
  
- 7) **Hellemyra bufellesskap.** Brannstasjonen i Eikelandsosen skal flytta til nye lokaler i 2021. Det gamle bygget vert då ledig. Hellemyra bufellesskap ligg i bakkant av den gamle brannstasjonen. Det at brannstasjonen vert flytta gjer til at området kan nyttast av bufellesskapet. Det vert derfor sett ned ei gruppe som skal jobba fram eit forprosjekt for korleis dette området kan nyttast. Arbeidsgruppa skal bestå av representantar frå administrativt nivå, politisk nivå og brukarrepresentant.